



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
73/2016	Kommunestyret	PS	12.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FA - X42, FA - X43	15/1710

VAL AV FORLIKSRÅD FOR PERIODEN 01.01.2017 - 31.12.2020

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Desse vert valde til forliksråd:

1. Ole Hesjedal
2. Åge Fanebust
3. Rebecca Nielsen

Formann: Ole Hesjedal

Varamedlemmer

- 1.Brith Kydland
- 2.Rune Berntzen
3. Irving Sæterdal

Desse vert valde til faste møtefullmektigar til forliksrådet:

Kjartan Dale
Magne Hestad
Asbjørg Hesjedal

Kommunestyret - Sak 73/2016

KOM - Behandling:

Forliksrådet samrøystes vald.

Varamedlemmene samrøystes valde.

Faste møtefullmektigar samrøystes valde.

KOM - Tilråding/Vedtak:

Desse vert valde til forliksråd:

1. Ole Hesjedal
2. Åge Fanebust
3. Rebecca Nielsen

Formann: Ole Hesjedal

Varamedlemmer

1. Brith Kydland
2. Rune Berntzen
3. Irving Sæterdal

Desse vert valde til faste møtefullmektigar til forliksrådet:

Kjartan Dale
Magne Hestad
Asbjørg Hesjedal

Saksopplysningar:

Domstollovens § 27 slår fast at det i kvar kommune skal vere eit forliksråd. Forliksrådet skal ha 3 medlemmer og like mange varamedlemmer. Desse skal veljast av kommunestyret innan 15. oktober året etter kommunestyrevalet og gjeld frå 1. januar det påfølgjande år.

Varamedlemmer vert tilkalte i den rekkefølge dei er vald. Kommunestyret skal deretter velja eit av medlemmene til formann. Hvis formannen har forfall, trer den av dei andre som er nemnt først i valet, inn i vedk. sin stad.

Som forliksrådsmedlemmer skal det veljast personer som er særskilt eigna til oppgåva, og som har alminneleg gode norskkunnskaper (både skriftleg og munnleg).

Departementet har i brev til kommunane i samband med val av forliksrådsmedlemmer m.a. uttalt følgjande:

"Departementet vil fremheve at forliksrådene i vår rettergangsordning har en viktig og krevende oppgave. For at de skal kunne løse oppgaven, er det derfor nødvendig at det som forliksrådsmedlemmer bare velges personer som i ethvert henseende er skikket for vervet. Kommunen bør oppfordre de valgte til å delta på kurs som arrangeres for forliksrådsmedlemmer. Dette vil gjøre dem bedre i stand til å ivareta forliksrådets oppgaver på en god måte. Slike kurs arrangeres årlig av Samarbeidsutvalget for forliksråd og namsmenn.

Departementet understreker at valg av forliksråd ikke er et valg av politiske råd eller utvalg, og at en ved valget tar hensyn til personlige forutsetninger og egenskaper hos dem som blir valgt. Videre er det viktig å bevare kontinuiteten i forliksrådet. Kommunestyret bør være tilbakeholden med å skifte ut hele forliksrådet på en gang."

Utval av faste møtefullmektigar:

Etter forskrift om forliksråd § 3, skal det ved kvart forliksråd vere eit utval av faste møtefullmektigar for forliksrådet. Medlemmene av utvalet skal oppnemnast av kommunestyret for inntil fire år av gongen. I Vaksdal kommune skal det vere 3 medlemmer i utvalet.

Som fast møtefullmektig kan oppnemnst einkvar person som er over 25 år med alminneleg god samfunnsmessig kunnskap og alminneleg gode norskkunnskaper (både skriftleg og munnleg). Medlemmene i utvalet skal være uavhengig av andre interesser enn parten si, slik at deira handlingar ikkje vert påverka av uvedkomande omsyn, herunder egne interesser.